



Skarsvåg Gård og Skog
Røysetvegen 104
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/510 - 17/10183

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:
18.05.2017

Godkjenning av søknad om fritak for gjødselplan GBNR 13/4

Administrativt vedtak. Saknr: 139/2017

Saksutgreiing:

Skarsvåg Gard og Skog ved Signar Skarsvåg har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift. Drifta er 40 vinterfora sauer. Det er 6,4 daa fulldyrka, 8,3 daa overflatedyrka og 10,3 daa innmarksbeite på bruket. Søkjar har nyleg tatt over bruket, og vil gjera ein del endringar i drifta. Det vert opplyst at han låner beiter fleire stader, men at det er ynskjeleg å gjerda inn og rydda meir beite på garden. Det er tilført ein del jordmassar for å forbeta bøen og areal er vorte grøfta. Søknaden er vorte revidert i samråd med søkjar. Han har meldt inn at han ynskjer at kommunen gjer ei vurdering av AR-5 markslagskart på bruket. Dette er planlagt utført i juni/juli.

| Åreleg tilført næringsstoff p.r daa /år på slåtteearealet | | | | Kg Nitro | Kg Fosfor | Kg Kalium | |
|---|------------------|--------------|------------|--------------|------------|------------|------------|
| Kg | Gjødselslag | Totalt areal | | Kg pr. daa | | | |
| 200 | 18-3-15 | 20 | slåttemark | 10 | 1,8 | 0,3 | 1,5 |
| 200 | hydrokas | 25 | alt areal | 10 | 2,8 | | |
| 20 | blautgjødsel-sau | 18 | slåttemark | 1,2 tonn/daa | 3,3 | 1,6 | 5,2 |
| Sum | | | | | 7,9 | 1,9 | 6,7 |

Vurdering:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera for kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50 % av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling for nitrogen og kalium, men ligg over når det gjeldt fosfor. Det er usikkerheit knytt til kor mykje handelsgjødsel som faktisk vert bruk då innkjøp skjer i samarbeid med ein nabo som driv. Bruket har lite dyrka mark. Utrekning av gjødseldyreiningar syner 5,7 GDE, minus frådrag

for beitetid. Det kan vera tvil knytt til kor stort frådrag for beitetid det kan gjerast, når dyra beiter mykje av tida på dei same areala. Krav til spreieareal for dette dyretalet 22,8 fulldyrka eller overflatedyrka dersom ein ikkje korrigerer for den tida sauene beiter i utmark eller på leigedjord. Garden har dermed relativt stort dyretalet i høve til jordbruksarealet.

I samtalar med søkjar har kommunen komen til at det kan gjevast fritak for gjødselplan for 1 år, men pga endringar i bruken av areala og drifta vil det vera fornuftig å ta jordprøver etter denne vekstsesongen. Erfaringar frå gjødsling og hausting i sesongen 2017 kan då leggjast til grunn for ei vurdering om det er grunnlag for vidare fritak eller om søkjar må skaffa seg gjødselplan.

Vedtak

Meland kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 1 år fram til 01.05.2018 for gnr. 13, bnr. 4, då bruket er ekstensivt drive. Det er eit vilkår for dispensasjonen at det vert tatt jordprøvar hausten 2017.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.